



## MØTEREFERAT 10. OKTOBER 2016

**STYREMØTE, måndag 10. oktober 2016 kl. 15-17**

**STAD: Sletto-rommet i biblioteket i Holet**

Tilstades: Eva Almhjell, Margarethe L'orange, Odd Oleivsgard, Grethe L. Rudningen.

Referat: Grethe Larsgard Rudningen.

Sak	Tema	Ansvar/Oppfølging
1	<b>Sidan sist (1.4.16)</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Avtale OSS og Hol kommune sign.</li><li>- Minnetavle avduka, reaksjonar mv.</li> <li>- Holsdagen. Vellukka plassering på stand. Seld 6 bøker + 2 jubileumshefter</li><li>- Boksal pr. 10.10.16</li><li>- Økonomi</li></ul>	Alle Styret svært nøgd. Nokon positive, andre med noko forbehold grunna plassering. Styret tok reaksjonane til etterretning. Eva vaska tavla etter at verste insektsommaren ga seg i september.  Margarethe og Eva. Styret vedtok å ev. vera med i 2017.  Meir enn 30 bøker + anna. Styret var nøgd med salet. OK – styret nøgd.
2	<b>OLAV SLETTO-DAGEN 2016</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- program (Helge Hognestad, Eva-Charlotte Mørk og Eva Almhjell). Sjå eige referat.</li> <li>- Kr. 5000 frå Sparebankstiftelsen Hallingdal, avslag frå SKUE, avventar Hol kommune.</li> <li>- arbeidsdeling under arrangementet</li></ul>	Eva orienterte. Styret nøgd med alle førebuingane. HH-fordrag som artikkel til Årshefte 2017, kanskje. Mørk skriv art. for EDDA. Ho publ. foredraget hjå oss i '17. Evas art. om kvinnene i Olverbøkene publ. i Årshefte 2017. Styret er nøgd. Styret takkar for stønaden, som er synleggjort i annonsa for OLAV SLETTO-DAGEN 2016 og i art. på OSS-nettsida.  Eva programleiar, Grethe ynskjer velkommen og sel bøker, Maria skriv referat, Margarethe fotograferer, skriv for nettsida i samarbeid med Maria og publiserer.
3	<b>AKTIVITETAR</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- <b>Digitalisering</b> av sentrale dokument i OS-arkivet. Dugnads-innsats frå OSS-styret. Oppstart i november. Me startar med OS-talene.</li> <li>- <b>Skifte web-hotell?</b></li> <li>- <b>Frå forskingsfronten:</b></li><li>- Christine Hamm, UiB, dr.philos. på "foreldreskapet i det moderne" basert på nylesing av S. Undset.</li><li>- Svein Erik Tandberg, dr. i musikkvitenskap.</li><li>- Kontakt med folkemusikkgranskar Gunnlaug Lien Myhr.</li><li>- Artikkel om kvinnene i Olvers liv.</li><li>- Bokmesse på Ål 19. november 2016.</li><li>- Grethe Fatima Syed, Olav Duun forskar, er i gang med lesing av OS. Ho vil samanlikne Duun og Sletto og er invitert til OLAV SLETTO-DAGEN 21.10 2017.</li></ul>	Grethe og Eva orienterte. Grethe følgjer opp teknisk hjelp til arbeidet.  Alternativ: Webhuset – kr. 89 pr. mnd. for 20 GB. Styret vedtok at eit skifte ikkje er aktuelt no.  Styret delegerte til Eva å følgje opp forskarane.  CH interessert i å seta seg inn i OS-litt. Eva har "masa" to gonger. Ingen respons. Innstiller kontakten.  Ingen kontakt sidan april 2016. Innstiller kontakten.  Eva følgjer opp Myhr. Utsett til OS-DAGEN 2017. Styret nøgd.  Eva: Kortversjon av artikkelen levert DØLAMINNE 2016. Hovudartikkel nesten klar for Årshefte 2017. Styret nøgd.  Styret godkjente at Eva deltek med Olver og kvinnene i DM.  Grethe Fatima Syed har takka ja til å vera med på SLETTO-DAGEN 2017 saman med Erling Sørli i Olav Duun stiftinga i Holmestrand. Styret nøgd.

	<p>- Jørn Øyrehagen Sunde har tilbydd seg å analysere talene til OS og presentere det han finn under SLETTO-DAGEN 21.10 2017.</p> <p>Framlegg til tema for seinare Slettodagar: Samanlikne Per-bøkane med Sigurd Hoel: Veien til verdens ende.</p>	<p>Jørn Øyrehagen Sunde har takka ja til å delta med ny forskning på OS-talene 21.10.17. Jan Inge Sørbø er litteraturvitar, forfattar og journalist, no professor ved Høgskulen i Volda. Han skriv på Nynorsk kulturhistorie, og kan tala om Olav Slettos plass i denne. Ikkje utenkjeleg at han kjem! Med Grethe FS/ES, JØS og ev. JIS har vi fullt program for SLETTO-DAGEN 2017. Eva kan tre inn med foredrag om Karin Sletto om naudsynt, ellers blir det i 2018.</p> <p>Margarethe følger opp forslaget.</p> <p>Eva og alle følger opp arb. med SLETTO-DAGEN 2017.</p>
4	<p>Eventuelt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Olav Randen om Anne-boksal (sjå e-post frå OR i kolonne 2).</li> <li>- Årsmøte 2017</li> <li>- SLETTO-DAGEN 2018: Eva snakkar om Karin Bryde Sletto.</li> </ul>	<p><b>e-post frå OR:</b>  Emne: Til kasserar i Olav Sletto-selskapet  Dato: 12.09.2016 11:41  Fra: "Olav Randen" boksmia@online.no  Til: "Ola Ruud" &lt;olaru@online.no&gt;</p> <p>God dag der i grannekommunen.  Med bøkene Per Gjetar og Anne Sletto – eit kvinneportrett er det slik at det har vorte selt ein heil del og at eg nok har fått dekt dei utlegga eg har hatt og kanskje også dekt min arbeidsinnsats. Men Eva Almhjell, som også har stått for mykje av salet i tillegg til skriving og administrasjon, har ikkje fått noko, iallfall ikkje frå meg, og heller ikkje bede om royalty. Me har ei avtale om at OSS får bøkene for halv pris herifrå. Eg foreslår at me gjer om dette no, slik at OSS får bøker gratis. Eg synest de bør bruke dei ekstra pengane det gir, til arbeidsvederlag for Eva, men det er sjølv sagt opp til styret i OSS.</p> <p>Beste helsing Olav Randen</p> <p>Ola Ruud vidaresende e-posten til styret som vedtok at OSS-leiaren overtek Boksmia sin andel av salet frå og med 1. juli 2016. Grethe har skriva svar til Olav Randen.</p> <p>Styret bestemte at årsmøtet blir fredag 31. mars på Vika. Eva har delegert ansvaret for årsmøtet til resten av styret.</p>